


Kultur- og kirkedepartementet
Postboks 8030 Dep.

0030 OSLO



Vår ref.:
Arkivsaknr.: 07/349-1/ SIS
L.nr.: 07/2266

Dykkar ref.:

Arkivkode:
K2-C60

Dato:
30.04.2007

Bibliotekreform 2014 - innspel frå Hyllestad folkebibliotek

Utviklinga av biblioteka i Norge er prega av stor variasjon i tenestetilbodet. Sogn og Fjordane representerer eit "utkantfylke" med berre 2 % av folketallet, i underkant av 107 000 innbyggjarar fordelt på 26 kommunar. Det er mange små kommunar og lang reisetid internt i fylket og stor fråflytting.

Konkurransfordelen for våre kommunar kan kanskje samanfattast med at "smått er godt". Her treng vi likevel vidare satsing på gode kulturtilbod for å halde på og trekkje til oss fleire innbyggjarar.

Eit godt bibliotektilbod er ofte eit av svært få kulturtilbod bygdesamfunna har. Biblioteket kan vera ein viktig møteplass for dei ulike gruppene av innbyggjarar, det er viktig for oppvekstmiljøa og det er viktig som kunnskapskjelde. Vi saknar i utgreiinga at folkebiblioteket med sine lokale og som møteplass, vert verdsett og vidareutvikla. Dette nettverket av avdelingar er bygd opp over mange år og står att som ein av svært få fysiske møteplassar i mange bygdesamfunn.

Utgreiinga inneheld svært mange positive tiltak og vi vil særleg nemne:

- Felles tilgang til digitale tenester
- Utviding av innkjøpsordninga til Kulturfondet med film og dataspel
- Norgesbiblioteket vert fremja som merkevare

Samstundes har vi innvending til og vil kommentere følgjande 4 punkt:

1. Skulebiblioteka

Alle grunnskulebiblioteka i vårt fylke har behov for ein markant standardheving.

Vi er opptekne av at skulebibliotek, både i vidaregåande skule og grunnskulen ligg lang under ein standard som trengst med tanke på å innfri læreplanar og "Kunnskapsløftet".

Dei fleste grunnskulebiblioteka manglar kompetent bibliotekpersonale, gode lokale og tilfredsstillande fysiske/ analoge og digitale samlingar.

Her må lov og forskrift sterkare inn med enda tydelegare pålegg til kommunane. Eksempelvis at alle skulebibliotek i utgangspunktet skal ha ei bibliotekarstilling av ein viss storleik, og at denne vert auka ut frå tal elevar. Støtte til utviklingstiltak er også svært viktig på dette feltet.

2. Konsolidering

Ein føresetnad for eit godt tilbod er nærleik til brukaren. Framlegget om konsolidering inneber sentralisering, brukaren bør ha rimeleg lett tilgang til det "fysiske biblioteket". Tilbodet bør ikkje berre digitaliserast og fjernstyrast, jfr. biblioteket sin funksjon som møteplass, spesielt i dei mange små bygdesamfunna.

I følge dagens biblioteklov har kommunane ansvar for bibliotektenesta. Skal kommunane ha dette ansvaret i framtida, også økonomisk, er det rimeleg at kommunane har ein viss styringsrett. Med felles biblioteksjef for fleire kommunar, gir kommunane langt på veg frå seg den økonomiske styringa.

Framlegget om konsolidering er nokså konkret når det inneber ei ramme på 6-8 årsverk. Landet vårt har nokså variert geografi og busetnad, skilnaden er også stor mellom by og land. Den framlagde modellen vil gi store ulikskapar i høve til brukarane, og ideen om lik tilgang vil bli berre ord.

Vi meiner vidare at samarbeid om nye/ forbedra tenestetilbod må verte omfatta av konsolideringsomgrepet og såleis oppnå midlar til utviklingstiltak. Pr i dag skjer det mykje kreativt samarbeid mellom biblioteka, også biblioteka i dei minste kommunane. Til dømes har 8 folkebibliotek i Ytre Sogn og Sunnfjord samarbeidd om sirkulering av video/dvd sidan 1993.

Ein kan få til meir! Like viktig som å sjå på organisatoriske løysingar er det å sjå på kva forbetringar av tenester ein får til, korleis ein får styrka fagmiljøet og kompetansen blant dei bibliotektilsette.

Dersom ein kan få til ei god utvikling i skulebiblioteka (som nemnt i pkt 1), vil det også ligge langt betre til rette for samorganisering / konsolidering mellom folke- og skulebibliotek.

3. Mobile bibliotektenester

Det må vidare arbeidast for å styrke og utvikle mobile bibliotektenester. På Vestlandet er bokbåten i ei særstilling som kulturformidlar til kystsamfunn med få andre tilbod. Mobile tenester er umåteleg viktig i eit fylke som Sogn og Fjordane.

4. Kompetanseutvikling

Vi ser svært positivt på at det vert etablert eit program for kompetanse-utvikling. Vidare ser vi det å utvikle hospiteringsprogram for bibliotektilsette som eit svært godt tiltak. Vi kan tenkje oss at dette vert utvida til å gjelde hospitering ved andre bibliotek innanlands også.


Vi kan likevel ikkje sjå at det er rettferdig at kompetanseutvikling skal knytast så sterkt opp mot dei konsoliderte biblioteka. Alle som arbeider med informasjons- og kulturformidling er avhengig av å bli oppdatert og få ny kunnskap og høve til vidareutdanning. Her må ein passe seg for ikkje å skape nye A og B-lag i norsk bibliotekvesen.

Det vil vera naturleg å etablere regionale utdannings- eller opplæringsprogram for å sikre at flest moglege bibliotektilsette får ta del i ei slik kompetanseheving.

I den informasjonsjungelen som møter alle innbyggjarar, ikkje berre elevar og studentar, er det viktig at biblioteka og personalet der kan framstå som vegvisarar og rettleiarar i informasjonssøking og kjeldekritikk. Stadig oftare høyrer vi at folk slår seg til ro med at det dei ikkje finn via søkemotorar som Google eller på det opne nettet - faktisk "ikkje finst". Her har biblioteka generelt ei viktig pedagogisk oppgåve i å løse og hjelpe til med å finne relevant og god informasjon.

Bibliotekarane utgjer 51% av dei tilsette i biblioteka. Dei resterande 49 % (andre tilsette), vert ofte omtala som merkantilt tilsette. Dette stemmer dårleg med tanke på det arbeidet dei faktisk utfører – som er eit breitt spekter av bibliotekoppgåver. Det er difor viktig å tilby kompetanseheving også for denne gruppa tilsette.

Med helsing


Sigrid Solberg
biblioteksjef